

Til:

Kommuneadministrasjonen  
v/ Verner Larsen

Ulsteinvik, 20.05.2019

# Rapport etter befaring Ulstein kyrkje

**Tid og stad:** Ulstein kyrkje, 13.02. kl. 11:00 – 13:00

**Desse tok del:** Per Dimmen, Ulstein eigedomsselskap  
Mariette Gjerde, ergoterapeut (frå kl. 11:30)  
Ove Morten Berge, seniorrådgiver kirkearkitektur i Den norske kirke (frå kl. 12:00)  
Svein Magne Harnes, rådgjevar Møre bispedøme  
Christfried Kaul, kyrkjeverje

## Bakgrunn for befaringa

Ved kommunestyremøtet 13.12. 2018 fekk administrasjonen i Ulstein kommune følgjande oppdrag ved eit verbalpunkt:

*Administrasjonen legg fram ei sak for formannskapet innan første halvår 2019 om kostnader og utfordringar knytt til vedlikehald, oppvarming og luftkvalitet samt tiltak for å gje lettare tilgang for rullestolbrukarar i Ulstein Kyrkje, med innspel frå Ulstein Sogn.*

I protokoll 1 frå bispevisitas blei forholda i Ulstein kyrkje omtala slik:

*Den gamle kyrkja ber preg av aktivt bruk i mange år! Ulstein kyrkjelyd har eit høgt aktivitetsnivå, og kyrkja er ofte fylt til trengsel. Det er eit spørsmål om det vakre gamle kyrkjebygget har godt av så mykje bruk. Her er mange synlege teikn på slitasje.*

*Orgelet vert øydelagt av di det er for tørt i bygget grunna hyppig oppvarming. Riksantikvaren anbefaler ikkje bruk av luftfuktar i slike bygg.*

*Kyrkja manglar eit høveleg rom for å ta imot dei mange som kjem med sine små til dåp. Ein har forsøkt å bøte på dette med å lage eit «dåpssakristi» bak galleriet/i andre høgda. Dette er ikkje veldig tenleg for familiar som kjem med barnevogn.*

*Ein har ikkje høvelege lokale for å drive konfirmantundervisning, trusopplæring og anna kyrkjelydsarbeid.*

*Den gamle kyrkja er ikkje universell utforma. Kjem ein med rullestol til gudsteneste, gravferd, vigsl eller anna arrangement må ein nytta ei sidedør inn til kyrkja, og for å kome til denne døra er det ein grusveg. Det er heller ikkje mogleg å kome fram til altarringen med rullestol. Dette er ikkje bra nok.*

Vi såg på Ulstein kyrkje med vekt på følgjande tema:

1. Generelt behov for vedlikehald
2. Bruksslitasje
3. Inneklima / oppvarming
4. Funksjonalitet til Ulstein kyrkje i forhold til kyrkja sine oppgaver
5. Universell utforming i forhold til kyrkjerommet sine funksjon
6. HMS- aspekt for tilsette

## Om Ulstein kyrkje

Ulstein kyrkje vart oppført ut på Ulstein etter at den gamle steinkyrkja frå 1100-talet brant ned i 1847. Ulstein kyrkje blei vigsla 13. mai 1849 og feirer 170 års- jubileum i 2019. Som ei kyrkje bygget før 1850 har Ulstein kyrkja status som verneverdig.

I 2018 var det 18.500 besøkjande på gudstenester og konsert. Med gravferd, vigslar, trusopplæringstiltak, andakter, skulebesøk, barnehagebesøk og utleige til den katolske kyrkja nærmar seg dørtersketal 30.000 per år.

Frå Riksantikvarens vurdering til planer om eit tilbygg for å utvide kapasitet og funksjonalitet (2013): *«Ulstein kyrkje er ei åttekanta trekyrkje i lafta tømmer, bygd i 1849 av byggmeister Ole Liid og teikna av soknepresten Hans Nicolai Wraamann. Ifølgje T3/2000 frå Kyrkje-, Utdannings- og Forskingsdepartementet og Miljøverndepartementetskal Riksantikvaren uttale seg i saker som gjeld verneverdige kyrkjer bygd i perioden 1650 – 1850 og dessutan listeførte kyrkjer oppført etter 1850. Biskopen fattar endeleg vedtak etter kyrkjelova.»*

Det har vore fleire forslag og prosjekt gjennom dei siste åra for ei utviding av kyrkjerommet.

Riksantikvaren utdyper i sitt svar:

*«Eit påbygg eller ei ny kyrkje kan opne moglegheiter for å ta vare på eldre kyrkjebygg på ein god måte. Dette er fordi den nye kyrkja kan brukast til føremål som ikkje så lett lar seg løyse i ei gamaldags kyrkje, medan den gamle kyrkja fortsatt vil kunne brukast til tradisjonelle ritual som til dømes vigslar og gravferd. ... Vi vil ikkje stille oss heilt avvisande til at det er mogleg å realisere eit påbygg på kyrkja, men det må underordne seg den eksisterande kyrkja, slik at kyrkja sine kulturhistoriske verdiar ikkje vert svekka i for stor grad. ... For å kome vidare i prosessen ber vi difor om at ein også greier ut om alternative plasseringar av eit nytt kyrkjebygg og føremoner og ulemper med dei ulike alternativa.»*

Etter at det i 2013 blei sett på som uaktuell å utvide kyrkja mot nord ved å bruke store deler av den nedlagde kyrkjegarden, gjennomførte Ulstein kommunen eit tomteval for ei framtidig kyrkje framfor å tenkje ei utviding av Ulstein kyrkje.

### 1. Generelt behov for vedlikehald

Det er behov for ein del vedlikehaldsarbeid ved Ulstein kyrkje. Særleg vedlikehald av vindu og deler av kledning bør skje omgåande for å hindre at det oppstår skade. Ytterdørene treng rehabilitering. Toaletta og bårerom / lagringsrom treng ein rehabilitering. Nye romløyisingar kunne hjelpe med å betre lagringskapasiteten.

#### Ytre vedlikehald av kyrkjebygget

- Alle vindauga på sørsida og dei fleste på nordsida treng å bli mala. Ved nokre av vindauga treng ein også å skifte karmlistene / beslag. Nokre ubrukne profil blei funna på kyrkjeloftet slik at det vil vere mogleg å lage nye profiler på grunnlag av desse.
- Nedre delen av kledninga, den som har blitt skifta for nokre år sida, treng maling med det første
- Det har vore eit generelt ønskje om maling av kyrkje utvendig, men det er mest for estetikken sin del. Maling er noko flekkete, men sitter framleis godt på bordkledninga. Med tanke på bordkledninga si pusteevne er det generelt ikkje tilrådd med for hyppig maling.
- Ein bør få innspel frå riksantikvar om ei anbefaling for maling av ytterveggane til kyrkja.

*Det ligg fram føre eit detaljert tilbod for komplett maling av kyrkje frå 2017. Ein treng å sjekke om deler av dette tilbodet kan framleis vere aktuelle for utføring av die punkt over.*

- Sideinngangsdør til sakristiet på sørsida treng ei generell overhaling / utskifting
- Sideinngangsdør til sakristiet på nordsida bør bli skifta til noko meir som står i stil med dei andre dørene. Døra er skadd
- Hovudinngangsdør treng ei generell overhaling / utskifting
- Begge kjellerdørane på vestsida (ved hovudinngang) treng ei generell overhaling / utskifting
- Tårnuret har vore reparert av ein engasjert frivillig i 2016 i samband med maling av kyrkjetårnet, men kunn ein av fire urskiver viser rett tid. Her treng ein å finne ei løysing som varer.

*Dette arbeidet er det ikkje henta inn eit tilbod for enda. Dette arbeidet treng ein også å drøfte med riksantikvaren.*

## Indre vedlikehald av kyrkjebygget

- Bårerommet er i praksis ute av sin opphavelig funksjon og blir brukt som lager. Det trengst å undersøke om det er tilstrekkelig kapasitet i kommunen for oppbevaring av bære / kiste før ein kan gjere om bårerom varig til lagringsrom.
- Toalettene i kjellaren treng ei grundig oppussing fukt og salpeterutslag på veggane, slitt veggoverflate, slitt golvbelegg, slitte oppvarmingsløysingar, slitte sanitærinstallasjonar

*I samband med bygging av Ulstein nye kyrkje eksisterer det planer for å redusere kapasitet på toalettane, flytte toalettene opp til våpenhuset, stenge trapp og naudutgang nord.*

*Det er ikkje henta inn tilbod om å utføre dette arbeidet. For å kunne gjere dette er det behov for ei gjennomtenkt prosjektering først, som også treng drøfting med riksantikvar.*

## 2. Bruksslitasje

Ulstein kyrkje bærer tydeleg preg av å bli brukt svært mykje og av svært mange. Talet på medlemar er seksdobra sidan kyrkja blei bygget. Sidan soknet ikkje eig andre lokale og i tillegg ikkje lenger kan bruke skule som undervisningsarena, er kyrkja brukt til mykje anna enn berre gudsteneste, vigsler og gravferd. Interiøret flyttast rundt hyppig, mykje sekundærareal må bli brukt som lagring og mellomlagring. Ting berast stadig rundt. Alt dette har medverka til at:

- Alle benkane har gått ut av limet og er skrudd saman med vinkelbeslag
- Maling på benkane, dørene alterring og deler av kledning er slitt, delvis flassa av og har mange hakk og merke som forsterkar det optiske inntrykket av slitasje.
- Stolane i alterrommet er slitt og bør bli bytta ut.
- Innerdørane er slitt, lukker dårleg og treng ei overhaling og maling
- Løperen i midtgangen er slitt trass i at den ikkje er eldre enn 5 år
- Golvet i kyrkjerommet er slitt og ein bør vurdere overflatebehandling.

Det er krevjande å ivareta verneaspektet av ei listeført kyrkje tilfredsstillande med eit slikt bruksmønster.

*Det er ikkje henta inn tilbod på rehabilitering / fornying av interiøret. Dette er noko som må skje i dialog med biskop og riksantikvar.*

## 3. Inneklima, oppvarming

Gjennom høg frekvens av bruk er det også ein annen type slitasje på kyrkjebygget ein ikkje ser med det første. Denne slitasjen skjer gjennom uttørking av trematerialet. Dette skjer fordi kyrkja blir

oppvarma ofte og står varm i lengre perioder enn som er godt for bygget. Anbefalt luftfuktigheit er 40%, i fyringssesongen ligg ho mellom 18 – 22%

Resultatet er at treverket tørker ut, slår sprekker, endrar form og påverkar konstruksjonen:

- Interiøret: Trefelt (spegl) på galleribrystning, i mellom korsøylane, og i dørane krymper, slår sprekker og sitt lause. Benkane går ut av liminga.
- Orgelet: Treverket vrenger seg, slår sprekker og blir skadet. Det blir luftlekkasjer av dette. Orgelet blir ustemt, sur og delvis øydelagt.

Det er ingen ventilasjonsanlegg i kyrkja, det er naturleg avluft gjennom 3 opningar i taket med tilsig av friskluft gjennom dører og sprekker. Når det er fleire enn 250 mennesker som er samla i kyrkja over 45 min resulterer det i ganske dårleg inneklima.

Oppvarming skjer gjennom gamle røyromnane som vi kan styre (av/på) gjennom nettet. Ei installert termostatløsning fungerer for dårlig til å kunne styre desse gamle og treige omnane presis nok. For å ha meir fleksible romløyningar i kyrkjerommet har det blitt fjerna ein god del omnar, slik at belastninga på dei eksisterande omnane er større. Omnane blir dermed veldig varme, mange har brent sko og nokon barn hender på desse omnane. Vi slår difor av omnane ca. 30 min før eit arrangement byrjar, sjølv om vi risikerer at folk på kalde dagar byrjar å fryse mot slutten av eit arrangement.

*Ved å bruke Ulstein kyrkje langt mindre enn i dag vil skadeeffekten vere så liten at tiltak ville vere overskødelege.*

*For ei oppgradering som skapar eit betre inneklima og vernar kyrkja meir mot skade treng ein ei utgreiing for ei ny oppvarmingsløsning som får temperaturen fort opp og fort ned i kyrkjerommet samt å minske faren for forbrenningsskader. Løysinga må ta høgde for ein fleksibel bruk av kyrkjerommet. Her har Hareid nettopp fått godkjent eit prosjekt ein kan eventuelt hente erfaringar frå.*

*Eit ventilasjonsløsning med styring av luftfuktigheit bør også bli vurdert i denne samanhengen. Slike løysingar treng fagleg god prosjektering og treng godkjenning av riksantikvaren, før ein kan legge fram ei fundert kostnads kalkyle.*

#### 4. Funksjonalitet til Ulstein kyrkje i forhold til kyrkja sine oppgåver

Ulstein kyrkje er bygget i si tid med tanke på dei oppgåva kyrkja hadde på denne tida. Både tider og medlemsgrunnlaget har endra seg. Måten å feire gudsteneste på har endra seg. Kyrkja har tatt i bruk nye arbeidsmåtar og arbeidsformer og fått nyre oppgåver som krev ei anna fleksibilitet av kyrkjerommet. Det har kome til nye former for uttrykk som stiller nye krav til kyrkjerommet. Ein sitt ikkje lenger berre stille i benkane, ein treng meir plass i alterrommet for å få plass for fleire involverte enn før, det er annen type musikkutstyr utanom orgelet som blir brukt og det går føre seg både undervisning og anna type kyrkjeleg aktivitet.

Kyrkja har også blitt eit undervisningslokale, ein kulturarena og ein plass for anna kyrkjelydsaktivitet. Å legge det eksisterande kyrkjebygget til rette for dette er mogleg i mindre grad enn det er behov for. Det er gjort nokre grep som har ført at den reelle kapasiteten til maks tillate talet på personar på 400 er noko redusert. Sjølve kyrkjerommet er for liten, og ikkje fleksibel nok til kyrkja sine oppgåver.

Ommøbleringa til bruk av fleire ulike type aktivitet er vesentleg med å påføre kyrkje slitasje i langt større grad enn ønskjeleg.

80 – 100 born blir døypt i Ulstein kyrkje kvart år. Det er opp til 5 dåp på enkelte søndagar. Som dåpssakristi brukar vi loftet over våpenhuset, eit rom som også fungerer som undervisnings- eller møterom. Her er det installert ein vask. Ved å rigge bord med stelleputer er det ei provisorisk løysing for at dåpsfølgja kan førebu seg til dåp. Det er for trangt på dette rommet og det er to trapper ned til barnevogna som må parkerast ute pga. tilkomsten til og kapasitet i våpenhuset.

*Kapasitetsspørsmål og funksjonalitet av kyrkjerommet har vore gjenstand for utgreiingar og drøftingar tidlegare. Verken riksantikvaren, kommunestyret eller folkeopinionen har vore positiv til ei utviding av det eksisterande kyrkjebygget.*

*Proessen har resultert i at Ulstein kommune har, som ei løysing for kyrkja sine utfordringar, vurdert ulike tomt og valt ut ei konkret tomt for bygging av Ulstein nye kyrkje.*

*Befaringa har ikkje kome fram med forslag til ei betre løysing innanfor Ulstein kyrkje sin noverande arkitektur, men stadfester at situasjonen er utfordrande og langt bak det ein kan forvente av standard for eit offentleg bygg.*

## 5. Universell utforming i forhold til kyrkjerommet sine funksjon

### Tilkomst

Å ha ei kyrkje som er universell utforma handlar om meir enn tilgang til bygget med rullestol. Det handlar først og fremst om at den som treng tilrettelegging kan delta på sine premisser, og på ein verdig og sjølvstyrt måte. Det kan vere å gå opp kyrkjegolv, å følgje ei kiste med eit gravfølgje, å delta i ei bønnevandring, å kunne kome til alterringen og å finne sitjeplass også utanom tronge kyrkjebenkar.

Ulstein kyrkje har i dag ein rullestolinngang og eit toalett som er tilrettelagt på nordsida. På denne måten kan ein rullestolbrukar kome inn sideinngangen i midten av kyrkjerommet. Grusvegen opp til denne sideinngangen er ikkje godt nok eigna til at ein rullestolbrukar kan kome inn i kyrkja på eigen hand.

Det er heller ikkje høve at rullestolbrukaren kan opne og lukke dørene i sideutgangen utan hjelp.

Sideinngangspartiet er trangt og vinklane gjer det også svært krevjande å frakte inn og ut ei kiste på ein verdig måte, dersom ein ønskjer å benytte denne ved at pårørande kan følgje ut kista med rullator eller rullestol.

Ideelt sett bør ein rullestolbrukar kunne bruke hovudinngangen for å vere delaktig på linje med andre i ein seremoni som gravferd, vigsle eller gjennom prosesjon til gudsteneste.

*På befaringa har det blitt foreslått å legge til rette tilkomsten til og utforminga av sjølve sideinngangen på ein slik måte at det er lettare å ta seg fram med rullestol eller rullator på eigen hand.*

*Ein bør ein legge steinheller eller eit anna kjørbart underlag på strekninga til sideinngangen, setje inn ei breiare ytterdør med motorstyrt opning og endre noko av oppsettet ved sideutgangen slik at ein får kome lettare rundt svingane.*

*Dei foreslåtte endringane endrar ikkje eksisterande løysing for tilkomst, men vil betre kvaliteten i den. For å kunne gi same tilkomst til alle gjennom hovudutgangen, uansett funksjonsnivå, ser ein kunn mulighet for å installere ein heiseplattform på eine sida av kyrkjetrappa, noko som vil ha stor visuell innverknad for Ulstein kyrkje si vakre inngangspart.*

*Denne løysing vil medføre eit større inngrep ved det vakre inngangsparti til Ulstein kyrkje. godkjenning av biskop og riksantikvar.*

*Det er ikkje prosjektert forslag med konkret kostnadskalkyle for løysingane dom er føreslegne.*

## Rørsle i kyrkjerommet

Det er tre trappetrinn frå midtgongen opp til alterrommet. Det er ei utfordring for folk som er dårlig til beins. Det er eit hinder som vi gjerne skulle ha vore utan. Ein har funne ei løysing med utdeling av nattverd på ein utdelingsstasjon til i midtgangen bak.

*På befaringa er det føreslått å bygge ei rampe opp mot alterrommet. Den vil stikke om lag 5 meter inn i midtgongen. Denne løysinga vil hindre fritt rørsle mellom venstre og høgre side fremst i kyrkjerommet. Dette vil også innskrenke bruken av dette viktige arealet vesentleg, eit areal som nettopp har blitt etablert for å kunne ta i bruk ulike kunstnariske uttrykk og å ha plass til vandringar.*

*Forslaget om ei slik permanent rampe har blitt forkasta tidlegare.*

## Anna tilrettelegging

Ulstein kyrkje har med både teleslynge, eit godt høgtalaranlegg, skjerm og prosjektor gjort mykje for tilrettelegging også for menneske med nedsett funksjonsevne på høyrsel og syn.

Ei anna side ved universell utforming er korleis kyrkjerommet fungerer for barn. Her hindrar kyrkjebenkane langt fremme i kyrkje borna sin deltaking i gudsteneste, undervisningssamanheng og andre type samvær.

*Vi har tidlegare fått avslag for å fjerne dei fremste benkane ut som ei fast ordning.*

## 6. HMS- aspekt

Ulstein kyrkje er også ein arbeidsplass for mange tilsette som treng både garderobe, toalett og eit rom til å førebue seg saman med andre til det som skal skje i kyrkja. Sakristiet har vore bygget om i 2012 slik at den gir plass til fleire og til meir fleksibelt bruk. Det er ein vask med varmtvatn og med spegl. Før gudsteneste fungerer sakristiet både som rom for samling og bøn for dei som er medverkande i gudsteneste, sakristiet er garderobe og har praktisk funksjon for mykje som går føre seg i alterrommet både før, under og etter gudstenesta. Sidan det er trangt i sakristiet der er ein del av bruksutstyret plassert ei trapp opp til loftet over sakristiet.

I sakristigangen er det eit toalett, men utan høve til å vaske hender der. Ut frå gjeldende HMS-standard treng ein å finne ei løysing på dette.

*Befaringa foreslår ei løysing med å ha ein vask innfelt i veggen ved å ta noko av lagringsrom ved sida av.*

Det er for lite areal til å lagre både vaskeutstyr, søppeldunker, forbruksmateriell, undervisningsmateriell og bruksutstyr samt lagringsrom for stoler, benker, sceneelement, kortrappar og liknande temporær brukt inventar. Dei er fordelt både i kjellar, på mørkeloftet og andre stader i kyrkja. Det er ei påkjenning for både tilsette og frivillige å flytte desse ting inn og ut ulike rom som ikkje er tenkt til lagring, og opp og ned tronge trapper. Også her er det til dels kritiske forhold ut frå HMS – aspektet.

*Befaringa ser noko muligheiter for forbetring ved å finne betre romløysing for toalett og lagring ved å endre både i kjellar trappegangen ned til kjellaren frå våpenhuset (sjå punkt 1)*

Klokkeringing er framleis manuelt arbeid utført av kyrkjetenaren ved å trekke i tau. Det er påbod om å bruke hørselvern. Særleg ved innringing av høgtidenene, der ringinga går føre seg i ein time kan arbeidet vere ei påkjenning for kroppen.

*Soknet har tidlegare fått løyva midlar til eit elektrisk ringeanlegg, men denne investering er det tenkt å ta i samband med bygging av Ulstein nye kyrkje, sidan det er klokkane i eksisterande kyrkje skal brukast også i den nye.*

## Oppsummering av tiltak for å betre dagens situasjon:

### Vedlikehald av ute:

- Skifting av karmlist, beslag på nokre vindauge.
- Maling av karmlist og vindauge
- Overhaling / utskifting av 2 sakristidører, hovudinngongsdør, 2 kjellerdører
- Maling av kledning som er skifta for nokre år tilbake
- Reparasjon av tårnuret

### Vedlikehald inne:

- Overhaling og maling av kyrkjebenkane
- Maling av innerdører, alterring, golv i alterringen, deler av panel / kledning inne
- Nye stoler i alterromet
- Ny løper i midtgongen.
- Overflatebehandling golv i kyrkjerommet.

### Oppussing, nye romløyningar, endringar for tilkomst

- Oppussing toaletta i kjellaren, finne ei meir praktisk romløyning der.
- Varig omgjering av bårerommet til lagringsrom.
- Fjerning av trapp kjellarinnang sør – erstatte med skråning
- Installere vask på toalettet i sakristigangen
- Legge steinplater eller heller fram mot sideinngangen for betre framkomst med rullestol
- Sette inn ei breiare dør med motorisert opning i sideutgangen
- Bruktest av rampe opp til alterrommet – vurdering fast installasjon seinare
- Utgreiing for installasjon av heiseplattform ved hovudinngang

### Oppvarmingssystem og inneklima

- Installasjon av eit vannbåren oppvarmingssystem i tilknyting til fjernvarmeanlegget
- Utgreiing for eit ventilasjonsanlegg

### Automatisk ringeanlegg

- Installasjon av eit automatisk ringeanlegg

## Økonomi

Det er ei rekke av vedlikehaldstiltak som er naudsynt å bli utført med det første for å hindre at det oppstår skade. Det er henta inn anbod i 2017 for maling av heile kyrkja, men dette blei lagt vekk pga. manglande økonomi. Anbudet har blitt lagt til grunn til grunn for å trekke ut det som treng å bli gjort i 2019. Ei arbeidsgruppe med Per Dimmen, Sigbjørn Halle og Christfried Kaul har jobba ut konkrete forslag for dette. Sjå vedlegg.

Same gruppe jobbar også med å finne ei løysing for vedlikehald av dørene og vil kunne kome med eit kostnadsestimat før juni.

Dei andre tiltak er meir vanskeleg å estimere kostnader på. Hareid kyrkje får ei ny oppvarmingsløysing for kyrkja i 2019 med ei planlagt kostnad på om lag 2,8 mill. kroner. Det er blitt tatt kontakt med kyrkjebyggkonsulenten om det finst samanliknbare eksempel med kostnad for å installere ventilasjonsanlegg i ei verna kyrkje.

Maling av kyrkja innvending er eit dyrt arbeid som berre kan bli utført av autoriserte restauratørar. Soknet fekk bevilga midlar i 2009 og fekk utført noko av malingsarbeid. Det gjenstår mykje. Eit estimat frå 2006 var på 1,8 mill for heile kyrkja. Det treng å bli henta inn eit nytt tilbod, men kr. 2,0 mill. bør ein rekne med

Ombygging av sideinngongen og tilkomsten med universell utforming og rehabilitering av kjellaretasjen treng konkret prosjektering med fråsegn frå riksantikvar og godkjenning frå biskop før ein kan seie meir om økonomien for desse tiltak. Soknet treng å søkje midlar frå kommunen sitt investeringsbudsjett for ei slik prosjektering, estimert til kr. 150.000.

#### **Oversikt økonomi:**

Hastetiltak vedlikehald:	kr. 250.000	(2019)
Rehabilitering av eller nye dører (estimat)	kr. 300.000	(2020)
Prosjektering for universell utforming tilkomst til kyrkje		
Prosjektering for rehabilitering av kjellaretasjen (estimat)	kr. 160.000	(2019)
Automatisk ringeanlegg (estimat)	kr. 150.000	
Innvending maling av kyrkja (estimat)	kr. 2.000.000	
Oppvarmingsanlegg: (estimert kostnad jmf. Hareid sitt prosjekt)	kr. 3.000.000	
universell utforming tilkomst til kyrkje (usikker estimat)	kr. 600.000	(2020)
rehabilitering av kjellaretasjen (usikker estimat)	kr. 800.000	(2020)
Ventilasjonsanlegg (ikkje mogleg å estimere kostnad utan ekspertise)		

## Oppsummering av utfordringane ved kyrkjebygget der befaringa *ikkje* har kunne sjå løysingsforslag for

- Generell auke av kapasitet i kyrkjerommet
- Tilrettelegging av kyrkjerommet for ulike aktivitetar t.d. undervisning, gruppearbeid, sosialt samvær.
- Eit kyrkjerom som er tilrettelagt for delt bruk av lokale (t.d. søndagsskule og gudsteneste)
- Eit godt tilrettelagt dåpssakristi
- Betring av lagringskapasitet og lettare tilgang til temporær interiør.
- Barrierefri tilkomst til kyrkjebygget via hovuddør.

## Tiltak i lys av Ulstein nye kyrkje

Ulstein nye kyrkje vil i stor grad gi den avlastinga Ulstein kyrkje treng for å bli tatt vare på for komande generasjonar. Ulstein kyrkje vil framleis vere i aktiv bruk, men i langt mindre grad enn no. Med eit moderne og godt utstyrt kyrkjebygg som svarer på dagens krav vil ein alltid kunne tilby godt tilrettelagde tenester uansett funksjonsnivå.

Dermed treng ein ikkje å legge til grunn dei same funksjonskrav og krav om universell utforming i Ulstein kyrkje som vi treng å ta utgangspunkt i no.



- Oppvarming med dagens røyrom vil framleis kunne fungere sidan kyrkja vil bli brukt mindre.
- Naturleg ventilasjon vil fungere tilstrekkelig
- Ein kan redusere kapasitet på toaletta og bruke kjellaren på andre måtar.
- Ein treng ikkje å finne ei betre løysing med universell utforma tilkomst gjennom hovudinngang.
- Lagringsbehov vil vere langt mindre sidan det aller meste har sin faste plass i kyrkja utan å bli midlertidig oppbevart, og undervisningsmaterialet vil vere i den nye kyrkja

## Konklusjon

Rapporten frå befaringa har avdekket dei viktigaste utfordringane som Ulstein kyrkje har som brukslokale for Ulstein sokn. Ulike tiltak er vurdert for både å bevare bygget og for å betre funksjonaliteten. Det er også peika på grunnleggjande utfordringar kyrkjebygget har for kyrkjelyden sine oppgåver som ikkje lar seg løyse i det eksisterande kyrkjebygget.

Det er laga ein tiltaksplan med konkret økonomi for vedlikehaldsarbeidet som treng å bli utført i løpet av 2019 og i 2020. For å utføre dette arbeidet trengst det også midlar frå investeringsbudsjett 2020 til Ulstein kommune.

For å få gjort noko med utfordringar knytt til universell utforming og oppvarming / inneklime og oppussing med bruksendringar trengst det eit meir omfattande prosjektering før det er mogleg å seie noko konkret om økonomien. Riksantikvaren skal uttale seg til alle endringar ved eit verna kyrkjebygg på grunnlag av eit konkret prosjekt. Soknet treng økonomi frå investeringsbudsjettet 2020 frå Ulstein kommune for konkret prosjektering av:

- ombygging av sideinngangen slik at den svarer til krav om universell utforming.
- rehabilitering av kjellaretasjen
- ny oppvarmingsløyseing
- installasjon av eit ventilasjonsanlegg

Innvending malingsarbeid er også noko ein bør kome vidare med. I 2013 blei det utført noko malingsarbeid, men det gjenstår mykje.

Befaringa viser også at mange av dei grunnleggjande utfordringane for kyrkjelyden ikkje kan løysast i det eksisterande bygget. Alle forslag om utviding og påbygg har blitt avvist hittil. Med bakgrunn i dette har kommunestyre tidlegare vedtatt tomt for Ulstein nye kyrkje og bevilga midlar til arkitektkonkurranse og utforming av eit skisseprosjekt med mål om å bygge ei arbeidskyrkje som kan fungere saman med eksisterande kyrkja.

Ulsteinvik, 20.05.2019

Christfried Kaul

Kyrkjeverje

Vedlegg: Prisstimat vedlikehaldsarbeid / maling Ulstein kyrkje 2019  
Illustrasjonsbilde til befaringsrapport

## Prisestimat vedlikehald Ulstein kyrkje

basert på eit tilbod frå 2017 frå malerfirma Uggedal

	må gjerast i 2019	kan takast seinare
Rigg og drift	20000	46500
stillas	20000	48000
utskifting av nokre vannbord	2835	
utskifting av nokre utvendige karmlist	12150	
skifte stuprør / fikse lekkasje i takrenna	16000	
rengjering og mekanisk forbehandling	7800	
forbehandling malingsareal vindu	18700	
forbehandling malingsareal veggflate		187000
maling Yttervegger 1. strøk		213360
maling yttervegger 2. strøk		111760
maling karmlister og vindu (dei store)	100800	
maling karmlister og vindu (diverse)	4200	
maling karmlister og vindu (diverse)	8250	
maling karmlister og vindu (diverse)	14850	
maling karmlister og vindu (diverse)	9200	
vindskeier og mønekors	15800	
<b>sum (eks. mva):</b>	<b>250585</b>	<b>606620</b>

Detaljer frå vindu og lister som treng grundig forbehandling og maling





Eksempel  
på skifta  
vannbord  
som  
treng  
maling



Hovuddøra treng å bli skifta eller rehabilitert



Sakristidøra sør treng  
å bli skifta eller  
rehabilitert



Sakristidøra nord er annleis enn alle andre dører til kyrkja, den er ikkje i bruk og i dårleg forfatning. Vurderer ei ny dør som står meir i stil med dei andre dørene





Eksempel på kjellerdør  
som treng å bli  
skifta eller rehabilitert





Kyrkjebenkane er slitt og har gått ut av liminga både pga. tørr klima, intens bruk og mykje flytting. Har blitt fiksa provisorisk





Gamle røyromner under kyrkjebenkar med spor etter mange svidde skosåler



Stoler i alterrommet  
er slitt og passer ikkje  
heilt saman med  
interiøret elles




Slitt maling på dørkarmen og -blad. Rullestolrampe over dørstokken på sideinngang. Det er ei dobbeldør som treng tilpassa universell utforming



Rullestolrampe inn sideinngongen. Ei breiare motorisert dør, og ei anna utforming av platting ved inngongen vil betre adkomsten slik at inngongen der kan bli barrierrefri.



Fremre delen av kyrkjerommet er ein viktig aktivitetsplass som vil stå i konflikt med ei rullestolrampe opp til alterringen.



Eksempel på skader i treverk. Sjølv om tre alltid er eit levande materiale så er er det tørre klima i kyrkja ein vesentleg forsterkar for slike prosessar. Fuktighetsmålaren på galleriet viser 24% på ein fuktig maidaag



Store sprekker også i  
galleribrysting





Gjennomrusting i  
ei takrenne på  
nordsida



Fleirbruksrommet på galleriloftet fungerer også som dåpssakristi, med eit lite vaskekott og provisoriske stallebord. Vårt tilbod til om lag 100 dåpsfølge per år.



Toalettetane i kjellaretasjen treng ei grundig oppussing.





Søppeldunkane står i kjellaren for å unngå rot på uteareal. Her trengst det ei annaløysing



Bårerommet kan ikkje brukast for tida. Mykje temporært interiør til ulike aktivitetar treng heilt andre lagringskapasiteter enn Ulstein kyrkja har



Ved fjerning av disse tre trappetrinn kunne det bli lettere tilgang til denne delen av kjellaren.



Toalettet ved sakristiet er utan mulighet for å vaske hender.